



- Fusa for framtida –
TRYGG, STOLT OG STERK

**VI BYGGJER IDENTITET OG KOMPETANSE I EIT SKAPANDE
OPPVEKSTMILJØ**



Å veksa opp i Fusa kommune
Fusa kommune sin oppvekstplan

2010 - 2020
DEL I - STRATEGIAR

.....Igjen burde vi begynne i skuler og barnehager, for å løfte perspektivet. Her kommer alle våre etiske verdier inn, hva vi mener med respekt, fellesskap, ritualer – hele det kulturelle beredskapsfeltet. Skal du lykkes med utdanning, må du gå veien om det som kalles læringsmiljø og legge vekt på å utvikle verdier mennesker imellom, også mellom lærerne. Da får du trivsel og motivasjon. Klarer du å gjøre skulen til en opplevelsesinstitusjon, slik at du får hentet de unge ut av den forkrøplede opplevelseskulturen som mediene ofte gir, så er de veldig med på det. Se hva eleven kan når de deltar i revy og teater og operaoppsetninger i skulen!

(Prof. Guttorm Fløistad, "Visjoner for Norge – fra uro til mening", s. 78, Flux forlag)

*La oss konsentrere oss om fremtiden. Det er der vi skal være resten av tiden!
(Mark Twain)*

1	BAKGRUNN.....	4
1.0	MÅL FOR PLANEN.....	4
1.1	PROSESS OG DELTAKARAR.....	4
1.2	PRINSIPPSKISSE FOR PLANARBEIDET.....	4
2	VERDIAR, VISJON OG OVERORDNA MÅL.....	4
3	OPPVEKST I SKULE, SFO OG BARNEHAGE.....	5
3.0	SKULE.....	5
3.1	SFO.....	9
3.2	BARNEHAGE.....	10
4	KULTUR I OPPVEKSTMILJØA.....	12
5	HELSE OG FØREBYGGING I OPPVEKSTMILJØA.....	14
6	VAKSENOPPLÆRINGA OG OPPVEKST	15
7	BALANSE MELLOM KVALITET OG ØKONOMISKE RAMMER	16

1 BAKGRUNN

1.0 Mål for planen

- ⊙ Gje *oversyn* for å kunna ta avgjerd om utviklinga i skule og barnehage i Fusa både når det gjeld læringsmiljøet til elevane, og det fysiske og psykososiale miljøet.
- ⊙ Gje *rammer* for vurdering av kvalitet.
- ⊙ Gje *oversyn* over kva bygningsmessige tiltak som må gjennomførast.
- ⊙ Gj *oversyn* over tiltak for å få tilfredsstillande uteområde.
- ⊙ Planen skal gje *mål* og *grunnlag* for politisk styring på viktige område innan barnehage, skule, SFO og kulturskule.
- ⊙ Planen skal gje administrasjonen *rammeverk* og hjelpemiddel til å setja måla ut i livet.

1.1 Prosess og deltakarar

Denne planen er utarbeidd i godt samarbeid med mange av dei som leverer tenester til dei som veks opp i Fusa kommune.

Arbeidet har vore organisert dels som storsamlingar og dels i arbeidsgrupper. På storsamlingane har folk frå skule, barnehage og oppvekstsenter arbeidd saman med kollegar frå helse, rehabilitering, PPT, kultur, kulturskule, vaksenopplæring og barn, familie og velferd. Ungdomsrådet har også teke del i arbeidet.

1.2 Prinsippkisse for planarbeidet

Planen byggjer på verdiane til Fusa kommune, vedteken visjon og vedtekne overordna mål. Analyser av fakta, noverande einingsmål, demografi og struktur, endringsbehov og økonomiske rammer har gjeve grunnlag for kartlegging av strategiske val.

Planen er delt i del I og del II. Del I er strategisk del med framlegg til strategiske val. Del II er grunnlagsmateriale og analyser med samling av fakta, og analyser av fakta.

2 VERDIAR, VISJON OG OVERORDNA MÅL

Fusa kommune har vedteke sine verdier. Dei ligg som ei grunnleggande rettesnor for alt arbeid i kommunen sin regi:

Respekt
Omsorg
Modig
Samarbeid
Løysingsorientert
Engasjert
Godt humør

Den vedtekne visjonen for oppvekst i Fusa kommune er:

**- Fusa for framtida –
Trygg, stolt og sterk**

Me byggjer identitet og kompetanse i eit skapande oppvekstmiljø

Det er også vedteke overordna mål for det å veksa opp i Fusa kommune

Fusa kommune skal:

- ⊙ Gjennom samhandling skapa heilskap og identitet
- ⊙ Ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel
- ⊙ Ha høg fagleg kvalitet i opplæringa
- ⊙ Tilpassa opplæringa slik at den enkelte opplever meistring og utvikling
- ⊙ Fremja fysisk aktivitet, og stimulera kulturell kreativitet og mangfald
- ⊙ Vektleggja tverrfagleg samarbeid og samordna planar for å oppnå kvalitet og effektiv ressursbruk

Dei vedtekne overordna måla skal gje retning for arbeidet i den einskilde eininga, men dei gjer og ein tydeleg retning i høve heilskapeleg tenking og samarbeid einingane imellom.

3 OPPVEKST I SKULE, SFO OG BARNEHAGE.

3.0 SKULE

Hovudkonklusjonar frå analysedelen

- ❑ I Fusa kommune skal det leggjast vekt på å samordna ressursane innanfor oppvekst. Tverrfagleg samarbeid skal vera eit viktig virkemiddel for å utvikla og gjennomføra fleire førebyggjande tiltak.
- ❑ Det skal kvart år lagast gjennomgåande resultatmål på det tverrfaglege området med utgangspunkt i dei overordna måla, delmåla og tiltaka som arbeidsgruppne har laga.
- ❑ Fusa kommune vil halda fram med leirskuleopphald på Hålandsdalen Leirskole for 7. årstrinn.
- ❑ GSI-statistikken viser at det har vore ein nedgang i den prosentvise timetildelinga til skulane til tilpassa opplæring/deling frå 2004 til 2009 frå 30 % til 16 % i 2009. I same tidsrommet har den prosentvise delen av basistimar brukt til spesialundervisning auka frå 9 % i 2004 til 29 % i 2009. Dette syner tydeleg at mindre rom for tilpassa opplæring for kvar einskild elev og klassedeling fører til auka behov for spesialundervisning. Det er difor eit mål for kommunen å auka ressursen til tilpassa opplæring, samstundes som ressursane til spesialundervisning vert reduserte. Kommunen bør etter dette ha som mål at timar til tilpassa opplæring/deling skal vera 30 % av basistimane.

- Kommunen skal i samsvar med opplæringslova § 13-10, Ansvarsomfang, arbeida vidare med å utforma eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene blir oppfylte.
- Kommunen vil følgja oppmodinga frå regjeringa om at skulane skal fastsetja resultatmål innanfor dei målområda som er sett opp i nasjonalt kvalitetsvurderingssystem.
- Kommunen skal utarbeida eit styringssystem for kvalitetssikring av skulane i Fusa. I dette systemet må følgjande klargjerast:
 - Kva undersøkingar/prøver som skulane skal gjennomføra i tillegg til dei som er pålagde i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet
 - Korleis resultata skal brukast i eit kvalitetsutviklingsperspektiv på den enkelte skule.
 - Kva rolle andre instansar i kommunen, skal ha i utviklingsarbeidet
 - Kva kompetanse det er behov for både på skule- og kommunenivået
- Det må vurderast korleis leiinga av skulane i Fusa kan styrkjast ved t.d. å avvikla ordninga med inspektør og i staden tilsetja avdelingsleiarar som har sjølvstendig leiaransvar. Dette er særleg aktuelt ved større skular.
- Det skal utarbeidast ein heilskapleg og rullerande kompetanseplan for etter- og vidareutdanning for pedagogisk personale og skuleleiarar i Fusa i samarbeid med organisasjonane. Planen skal byggja på ”Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærere” og andre føringar frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Vidareutdanninga må ta utgangspunkt i kva behov kommunen har for auka kompetanse på den enkelte skule. Vidare må det gå klart fram av planen kva prinsipp som skal gjelda for vidareutdanninga, t.d. bindingstid.
- Det må vera eit mål for kommunen at alle lærarane i kommunen har min. 30 studiepoeng i dei faga dei underviser i på barnesteget, og 60 studiepoeng på ungdomssteget.
- IKT-planen for barnehagar, skule, kulturskule og vaksenopplæring skal evaluerast og rullerast snarast mogeleg i planperioden

Strategi for utvikling av skulane i Fusa:

OVERORDNA MÅL	SLIK VIL VI HA DET - DELMÅL
<p>© Gjennom samhandling skapa heilskap og identitet</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Elevane i Fusa kommune har gode overgangar frå barnehage til barneskule, frå barneskule til ungdomsskule og frå ungdomsskule til vidaregåande skule. ❑ Barnehage, SFO og skule samarbeider med lokalmiljø og lokale organisjonar. ❑ Barnehage, SFO og skule har eit godt samarbeid med foreldre. ❑ Lokalhistorie og lokale tradisjonar er grunnleggande tema i undervisninga. ❑ <i>Skulane følgjer det lokalhistoriske undervisningsopplegget i "Fusanisto".</i> ❑ Det er god samhandling mellom ulike instansar som er involvert i oppvekstmiljøet til borna. ❑ Prinsippa frå Læringsplakaten er styrande og viser retning for all opplæring i Fusaskulen. ❑ Fusaskulen byggjer på og ivaretar mangfaldet i elevane sin bakgrunn og føresetnader (framandspråklege elevar/arbeidsinnvandring).
<p>© Ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Verdisettet ROMSLEG vert praktisert ❑ Føresegnene i Rammeplan og Opplæringslov blir etterlevd. ❑ Skulane har trygge og tydelege vaksne. ❑ Elevane og dei tilsette har bygningar og uteområde som stettar krava i forskrift om miljøretta helsevern. ❑ Arbeid med inkluderande haldningar er konkretisert på alle plan.
<p>© Ha høg fagleg kvalitet i opplæringa</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Personalet har høg fagleg kompetanse ❑ Fusa kommune har gode vilkår for etter- og vidareutdanning ❑ Lærarane i kommunen har min. 30 studiepoeng i dei faga dei underviser i på barnesteget, og 60 studiepoeng på ungdomstrinnet, i samsvar med overordna kommunal kompetanseplan ❑ Det er innført resultatstyringssystem med gode kvalitetsindikatorar ❑ IKT er aktivt i bruk både i undervisninga og administrativt. Det er god dekning og kvalitet på IKT-utstyr.

<p>© Tilpassa opplæringa slik at den enkelte opplever meistring og utvikling</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Det er tilstrekkeleg ressurstilgong til tilpassa opplæring. Ressursar til tilpassa opplæring utgjer minimum 30% av basisressursen. ❑ Kompetansemåla i Kunnskapsløftet ligg til grunn for individuelle opplæringsplanar. ❑ Nivået på spesialundervisning er under snittet i kommunegruppe 2.
<p>© Fremja fysisk aktivitet, og stimulera kulturell kreativitet og mangfald</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Elevane har eit fysisk miljø som stimulerer aktivitet, og dei har minimum 30 min. fysisk aktivitet dagleg. ❑ Det vert samarbeida med kulturskule, kor, korps idrettslag, 4H og andre lokale krefter for å stimulera kulturell kreativitet og mangfald.
<p>© Vektleggja tverrfagleg samarbeid og samordna planar for å oppnå kvalitet og effektiv ressursbruk</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Det er etablert gode samhandlingsrutinar og møteplassar både i ulike fagfora og i tverrfaglege nettverk. ❑ Det er utarbeidd tenestekildringar som tydeleggjer forventa kvalitet og omfang på opplæringstilboda. ❑ Skulen i Fusa har ein kostnadseffektiv struktur der ressursane blir maksimalt utnytta for å oppnå best mogeleg kvalitet på opplæringstilbodet.

3.1 SFO

Hovudkonklusjonar frå analysedelen

- Det skal vurderast om det skal utarbeidast ein overordna plan for utviklinga av SFO i Fusa.

Strategi for utvikling av SFO i Fusa:

OVERORDNA MÅL	SLIK VIL VI HA DET - DELMÅL
◎ Gjennom samhandling skapa heilskap og identitet	<ul style="list-style-type: none">□ SFO medverkar til at elevane i Fusa kommune har gode overgangar frå barnehage til barneskule□ Barnehage, SFO og skule samarbeider med lokalmiljø og lokale organisjonar□ Barnehage, SFO og skule har eit godt samarbeid med foreldre
◎ Ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel	<ul style="list-style-type: none">□ Verdisettet ROMSLEG vert praktisert.□ SFO har trygge og tydelege vaksne.□ Borna og dei tilsette har bygningar og uteområde som stettar krava i forskrift om miljøretta helsevern.
◎ Fremja fysisk aktivitet, og stimulera kulturell kreativitet og mangfald	<ul style="list-style-type: none">□ Borna har eit fysisk miljø som stimulerer til aktivitet.□ Det vert samarbeida med kulturskule, kor, korps idrettslag, 4H og andre lokale krefter for å stimulera kulturell kreativitet og mangfald.
◎ Vektleggja tverrfagleg samarbeid og samordna planar for å oppnå kvalitet og effektiv ressursbruk	<ul style="list-style-type: none">□ Det er etablert gode samhandlingsrutinar og møteplassar både i ulike fagfora og i tverrfaglege nettverk.□ Det er utarbeidd tenesteskildringar som tydeleggjer forventna kvalitet og omfang på SFO-tilbodet.

3.2 BARNEHAGE

Hovudkonklusjonar frå analysedelen

- ❑ Kommunen får samla trong for min. 14 barne- hageplassar i åra som kjem, medrekna erstatning for 5 plassar i Maren´s familiebarnehage. Ønskjer kommunen at kvar krins skal ha plass til alle som søker frå krinsen, må det til saman byggjast ut for ca. 25 nye plassar i Nore Fusa og Holdhus
- ❑ Når eit nasjonalt system for å følgja med på utviklinga av kvaliteten i barnehagesektoren er utvikla, skal Fusa kommune følgja opp dette lokalt.
- ❑ Kommunen skal utarbeida ein plan for gjennomføring av tilsyn i alle barnehagane i regionen i samarbeid med Midthordland kompetanseregion. Det må gå fram av planen kva barnehagar som skal få tilsyn det enkelte året, og kva som skal vera tilsynsområde for den enkelte barnehage.
- ❑ Det bør vurderast å tilsetja person med barnehagefagleg kompetanse i staben til rådmannen.
- ❑ Kommunen må utarbeida ein langsiktig kompetansehevingsplan, og i samband med dette utforma ein strategi for rekruttering av førskulelærarar, marknadsføring av barnehagen som arbeidsplass og betydninga av å kunna tilby alternative karriereveier.
- ❑ Kommunen må ha som mål å følgja opp den nasjonale målsettinga å auka talet på tilsette med barnehagefagleg kompetanse i barnehagane.

Strategi for utvikling av barnehagane i Fusa:

OVERORDNA MÅL	SLIK VIL VI HA DET - DELMÅL
<p>☉ Gjennom samhandling skapa heilskap og identitet</p>	<ul style="list-style-type: none"> ☐ Borna i Fusa kommune har gode overgangar frå barnehage til barneskule. ☐ Barnehage, SFO og skule samarbeider med lokalmiljø og lokale organisjonar. ☐ Barnehage, SFO og skule har eit godt samarbeid med foreldre. ☐ Lokalhistorie og lokale tradisjonar er tema i barnehagen. ☐ Det er god samhandling mellom ulike instansar som er involvert i oppvekstmiljøet til borna.
<p>☉ Ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel</p>	<ul style="list-style-type: none"> ☐ Verdisettet ROMSLEG vert praktisert ☐ Barnehagane har trygge og tydelege vaksne ☐ Borna har bygningar og uteområde som stettar krava i forskrift om miljøretta helsevern ☐ Arbeid med inkluderande haldningar er konkretisert på alle plan i barnehagekulturen
<p>☉ Ha høg fagleg kvalitet i opplæringa</p>	<ul style="list-style-type: none"> ☐ Personalet har høg fagleg kompetanse ☐ Fusa kommune har gode vilkår for etter- og vidareutdanning ☐ Føresegnene i Rammeplan blir etterlevd ☐ Det er innført resultatstyringssystem med gode kvalitetsindikatorar ☐ IKT er aktivt i bruk både i opplæringa og administrativt. Det er god dekning og kvalitet på IKT-utstyr
<p>☉ Tilpassa opplæringa slik at den enkelte opplever meistring og utvikling</p>	<ul style="list-style-type: none"> ☐ Born med særlege behov blir fanga opp og får hjelp tidleg. ☐ Borna i Fusa kommune har gode overgangar frå barnehage til barneskule ☐ Barnehagane har eit felles system for kvalitetssikring for tidleg kartlegging og identifisering av ulike vanskar og intervensjon.

<p>© Fremja fysisk aktivitet, og stimulera kulturell kreativitet og mangfald</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Borna har eit fysisk miljø som stimulerer til aktivitet. ❑ Det vert samarbeida med kulturskule, kor, idrettslag, og andre lokale krefter for å stimulera kulturell kreativitet og mangfald.
<p>© Vektleggja tverrfagleg samarbeid og samordna planar for å oppnå kvalitet og effektiv ressursbruk</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Det er etablert gode samhandlingsrutinar og møteplassar både i ulike fagfora og i tverrfaglege nettverk ❑ Det er utarbeidd tenesteskildringar som tydeleggjer forventta kvalitet og omfang på barnehagetilbodet. ❑ <i>Fusa kommune har plan for tilsyn med barnehagane.</i> ❑ Barnehagane i Fusa har ein kostnadseffektiv struktur der ressursane blir maksimalt utnytta for å oppnå best mogeleg kvalitet på barnehagetilbodet.

4 KULTUR I OPPVEKSTMILJØA

Hovudkonklusjonar frå analysedelen

- ❑ Det skal utarbeidast eigen plan for kulturskulen i Fusa
- ❑ Fusa kommune skal halda fram med leirskuleopphald på Hålandsdalen Leirskole for 7. årstrinn.

Strategi for utvikling av kultur i oppvekst i Fusa:

OVERORDNA MÅL	SLIK VIL VI HA DET - DELMÅL
<p>© Gjennom samhandling skapa heilskap og identitet</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Skuleborn i Fusa får innføring i lokalhistorie gjennom ”Fusanisto” ❑ Barnehage, SFO og skule har eit godt samarbeid med kulturinstitusjonar i Fusa kommune ❑ Born i Fusa får kjennskap til kristne høgtider, kristne tradisjonar og kulturarv

<p>☉ Ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Verdisettet ROMSLEG vert praktisert ❑ Alle born og unge har tilbod om trygge nettverk og ei aktiv fritid.
<p>☉ Ha høg fagleg kvalitet i opplæringa</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Personalet har høg fagleg kompetanse ❑ Fusa kommune har gode vilkår for etter- og vidareutdanning ❑ Alle skuleelevar får eit fullverdig tilbod om skulebibliotek ❑ Vi nyttar tilboda i plan for den kulturelle skulesekken. ❑ Det er bygd opp utstyrspakkar for formidling og utøving av kultur ❑ Det er utarbeidd plan for kulturskulen i Fusa ❑ Det er innført resultatstyringssystem med gode kvalitetsindikatorar
<p>☉ Tilpassa opplæringa slik at den enkelte opplever meistring og utvikling</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Alle som ønskjer det får tilbod om plass i kulturskulen
<p>☉ Fremja fysisk aktivitet, og stimulera kulturell kreativitet og mangfald</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Born har eit fysisk miljø som stimulerer aktivitet ❑ Det er bygd opp utstyrspakkar til idretts- og friluftaktivitet ❑ Det vert samarbeida med kulturskule, kor, korps idrettslag, 4H og andre lokale krefter for å stimulera kulturell kreativitet og mangfald ❑ Skule- og barnehage er ein kreativ arena for kunst og kultur
<p>☉ Vektleggja tverrfagleg samarbeid og samordna planar for å oppnå kvalitet og effektiv ressursbruk</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Det er etablert gode samhandlingsrutinar og møteplassar både i ulike fagfora og i tverrfaglege nettverk.

5 HELSE OG FØREBYGGING I OPPVEKSTMILJØA

Hovudkonklusjonar frå analysedelen

- ❑ I Fusa kommune skal det leggjast vekt på å samordna ressursane innanfor oppvekst.
- ❑ Tverrfagleg samarbeid skal vera eit viktig virkemiddel for å utvikla og gjennomføra fleire førebyggjande tiltak.
- ❑ Det må kvart år lagast gjennomgåande resultatmål på det tverrfaglege området med utgangspunkt i dei overordna måla, delmåla og tiltaka som arbeidsgruppe har laga.

Strategi for utvikling av helse og førebygging i oppvekstsektoren i Fusa:

OVERORDNA MÅL	SLIK VIL VI HA DET - DELMÅL
⊙ Gjennom samhandling skapa heilskap og identitet	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Vi har gode rutinar og samhandlingskompetanse på alle einingar.
⊙ Ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Verdisettet ROMSLEG vert praktisert ❑ Vi har eit godt psyko - sosialt oppvekstmiljø.
⊙ Ha høg fagleg kvalitet i opplæringa	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Personalet har høg fagleg kompetanse ❑ Fusa kommune har gode vilkår for etter- og vidareutdanning ❑ Det vert lagt vekt på tidleg å avdekka hjelpebehov og setja inn tiltak, og vi har sikra eit system som avdekkar slike behov på eit tidleg tidspunkt
⊙ Tilpassa opplæringa slik at den enkelte opplever meistring og utvikling	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Vi følgjer føringane i opplæringslova, og har ein fast syklus for fornying av individuelle opplæringsplanar (IOP)
⊙ Fremja fysisk aktivitet, og stimulera kulturell kreativitet og mangfald	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Alle einingar legg vekt på å førebyggja sjukdom og skade ❑ Alle einingar fremjar fysisk og psykisk helse
⊙ Vektleggja tverrfagleg samarbeid og samordna planar for å oppnå kvalitet og effektiv ressursbruk	<ul style="list-style-type: none"> ❑ Oppvekstplan og velferdsplan vert samordna for å sikra god kompetanse og kvalitet på tenestetilboda i oppvekstsektoren.

6 VAKSENOPPLÆRINGA OG OPPVEKST

Hovudkonklusjonar frå analysedelen:

- Det skal utarbeidast ein eigen utviklingsplan for vaksenopplæringa der ein m.a. skal vurdere omfanget av opplæringa for framandspråklege vaksne og for psykisk utviklingshemma, og der det skal utarbeidast rutinar for gjennomføringa av vaksenopplæringa.

Strategi for utvikling av vaksenopplæringa i Fusa:

OVERORDNA MÅL	SLIK VIL VI HA DET - DELMÅL
☉ Gjennom samhandling skapa heilskap og identitet	<ul style="list-style-type: none">□ Vi har gode rutinar og samhandlingskompetanse på alle einingar.
☉ Ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel	<ul style="list-style-type: none">□ Verdisettet ROMSLEG vert praktisert.
☉ Ha høg fagleg kvalitet i opplæringa	<ul style="list-style-type: none">□ Personalet har høg fagleg kompetanse□ Fusa kommune har gode vilkår for etter- og vidareutdanning□ Det er innført resultatstyringssystem med gode kvalitetsindikatorar
☉ Tilpassa opplæringa slik at den enkelte opplever meistring og utvikling	<ul style="list-style-type: none">□ Vi følgjer føringane i Opplæringslova, og opplæringa blir planlagt og gjennomført på individnivå.
☉ Fremja fysisk aktivitet, og stimulera kulturell kreativitet og mangfald	<ul style="list-style-type: none">□ Alle einingar fremjar fysisk og psykisk helse.□ Framandspråklege får kjennskap til lokal kultur gjennom språkopplæringa.
☉ Vektleggja tverrfagleg samarbeid og samordna planar for å oppnå kvalitet og effektiv ressursbruk	<ul style="list-style-type: none">□ Det er utvikla ein eigen utviklingsplan for vaksenopplæringa.□ Vaksenopplæringa inngår i eit organisatorisk fellesskap med Fusa ungdomsskule.

7 BALANSE MELLOM KVALITET OG ØKONOMISKE RAMMER

Analysen syner at det er to hovudkomponentar som må vera til stades for å oppretthalda ein god kvalitet i skulen: Kompetanse og økonomi. Desse komponentane må vera på plass dersom det skal lata seg gjera å gjennomføra strategien vi har lagt opp til ovanfor.

I utgangspunktet byggjer denne planen på noverande barnehage- og skulestruktur i samsvar med mandatet frå kommunestyret. Rekneskapstala i KOSTRA syner at denne strukturen er dyr i drift samanlikna med kva som blir brukt på skule i kommunegruppe 2 som Fusa tilhøyrrer. Det gir grunn til uro at netto driftsutgifter til skule, som gjenspeglar ressursar til sjølvve undervisninga, har ein negativ utvikling samanlikna med kommunegruppe 2 og landsgjennomsnittet elles. Sidan 2006 har netto driftsutgifter til skulane i Fusa lege under nivået til kommunegruppe 2, medan vi tidlegare låg høgare. Denne negative utviklinga har halde fram inn i 2009. Vi nærmar oss landsgjennomsnittet. Paradokset er at bruttoutgiftene til skulesektoren ikkje er redusert – her held vi stand. Det betyr at vi brukar meir og meir av ressursane til drift av bygningar, og mindre til undervisning. Vi brukar også forholdsvis mykje ressursar på administrasjon.

I tillegg til dette har Fusa kommune mange små skular og klassar. Det inneber at ressursar som elles kunne vore brukt til tilpassa opplæring er bundne opp i ordinær undervisning. Dette synest å ha ført til at spesialundervisninga nærmast har eksplodert dei 3- 4 siste åra.

Det blir då ei oppgåve for politisk system å skaffa midlar til å heva og oppretthalda ønskjeleg nivå på grunnskuleopplæringa i Fusa. Dette må skje samstundes som Fusa kommune har ei utfordring i å bringa det samla kommunale driftsbudsjettet i balanse slik at situasjonen vert forutsigbar i fleire år framover.

Kommunestyret står difor overfor tre val av tiltak for å skaffa tilstrekkeleg med midlar til å sikra kvaitet i skulen:

1. Auka inntektene
2. Overføra midlar frå andre sektorar ved effektivisering eller tenestereduksjon
3. Effektivisera drifta i skulen

Omgrepet effektivisering er eit økonomisk omgrep som betyr å oppretthalda eller forbetra resultatet (overskotet) for ein lågare kostnad. I offentleg samanheng vert uttrykket nytta om å oppretthalda eller forbetra resultat/kvalitet eller tenestenivå til reduserte kostnader. I praksis betyr det færre skular i kommunen, og færre klassar. Men kvaliteten på den opplæringa elevane får, skal vera like god eller betre.

Hovudkonklusjonar frå analysedelen:

- Utgangspunkt for val av framtidig struktur for skulane i kommunen, bør vera korleis kommunen best kan sikra kvalitet på opplæringa relatert til visjon, overordna mål og delmål i oppvekstplanen.
- Kommunen må utarbeida ein modell for tildeling av tilstrekkelege driftsmidlar til skulane.
- Det må veljast og finansierast ein framtidig skulestruktur som gir tilstrekkeleg mengd lærartettleik til å kunna arbeida med tidleg innsats og tilpassa opplæring.